

# All makt til fantasien

TEATER

«**Vilmas vrinsk**» Av **Cirka Teater**. Instruktør: **Anne Mali Sæther**. Scenografi: **Gilles Berger**. Spela av **Anne Marit Sæther**. Teaterhuset Avant Garden, Trondheim.

VILMA Vaskekone meiner sjølv at ho er verdsmeister i vasking. Det er ho som gjer reint på teatret, og som så mange andre ber ho på ein hemmeleg draum om å møte publikum. Ein dag somlar ho slik at draumen blir røyndom, og frå ei vaskevogd full av bøtter, klutar og andre vaskemiddel tryllar ho fram fjell og sjø, hestar og ein konge som lir av akutt beslutningsvegning.

Historia Vilma fortel oss er ikkje særleg original eller spennande, men derimot alt som skjer undervegs. *Vilmas Vrinsk* er blitt ein annleis produksjon enn det meir fysiske og

visuelle vi er vant med frå Cirka Teater, men den utsøkte bruken av rekvisittar, og den nærmast geniale scenografien til Gilles Berger er framleis den same.

## *Den blå hesten*

Vilma Vaskekone (Anne Marit Sæther) har tydeleg lenge ønska å få møte publikum. Når draumen endeleg går i oppfylling ausar ho bokstaveleg talt av sitt vaskeforråd. Historia ho fortel handlar om den blå hesten Hippolos som ikkje likar å vere åleine blant dei grå villhestane, og som etter kvart drar ut på leiting etter *Den Andre Blå Hesten*.

Samstundes, ein annan stad i landet, blir Kong Fusius krona til konge. Kong Fusius vil gjere gjere godt for landsmennene sine, og vil ta kloke avgjerder. Men han er uvant med rolla, og blir så redd for å gjere feil at han ikkje vågar å ta ei einaste avgjerd. I staden abdiserer han

og drar ut på leiting. Sjølv sagt finn han Hippolos, og heng seg på han i leitinga etter *Den Andre Blå Hesten*. Om Hippolos finn den andre, eller om Kong Fusius etter kvart vågar å stå på eigne bein, skal eg ikkje røpe her, men denne historia er berre Vilmas påskot til å lage teater.

Av vaskefiller blir det stolte hestar, av gummihanskar flotte dokketeater-figurar, av bøtter blir det både kongekroner, fjell og hav. Alt mogeleg tryllar ho fram frå vaskevogna, og appellerer uhemma til publikums fantasi. Og vi svarar med å bli med. Vi ser den eine tingen etter den andre oppstå som noko heilt anna enn det det var, og vi ler og kosar oss over å få vere med på denne barnlege fantasi-reisa inn i verda til Hippolos og Kong Fusius.

## *Episk teater*

Cirka Teater har i dei ni åra gruppa har eksistert, utmerka

seg med visuelle og fysiske produksjonar. Samstundes har dei vore av særst høg kvalitet, gjennomarbeidd til minste detalj. Gilles Berger sin utsøkte scenografi har heile tida vore eit varermerke. *Vilmas Vrinsk* er ein freistnad på å lage meir episk teater. Og jamvel om Anne Marit Sæther denne gongen er forteller, er det likevel framleis mye att av det fysiske uttrykket. Gjennom lange pausar med utsøkt bruk av ordlaus kommunikasjon med publikum gjennom små augnekast og detaljrikt kroppspråk får Vilma sagt meir enn tusen ord.

Anne Mali Sæther har hatt regien, og saman har dei to fått til ein fortellarstil som fungerer bra for oppsettinga. Rekvisittane til Gilles Berger er detaljrike og utsøkte som alltid. *Vilmas Vrinsk* er blitt ein humoristisk og varm familieframsyning som set fantasien i sving for både ungar og vaksne.

AMUND GRIMSTAD